



Magne Bjørkhaug
Nordre Villanger 20

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2207 - 21/16284

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
10.03.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 418/3 Villanger

Administrativt vedtak: Saknr: 325/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 10.03.2026 for GBNR 418/3, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Magne Bjørkhaug har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr **418/3**.

Drifta er 23 villsau som går ute heile året. Jordbruksarealet på bruket er 8 daa overflatedyrka, 16.8 daa innmarksbeite og 15.3 daa fulldyrka mark.

Føretaket opplyser om at det vert nytta 600 kg fullgjødsel 22-2-12 pr år.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal(daa)		Kg pr.daa			
400	22-2-12	15.3	fulldyrka	26	5.7	0.5	3.12
200	22-2-12	24.8	Overflatedyrka og innmarkbeite	8	1.76	0.16	0.96

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.
GDE =3,3

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=3,3) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmodar foretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet i jorda. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/2207»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Magne Bjørkhaug

Nordre Villanger 20